

Generelle vilkår for Voss Energi Kraft/Bedrift

1. Avtalen

1.1 Avtaleforholdet

Avtaleforholdet mellom partane består av kontrakt med tillegg av desse alminnelege vilkår og andre spesifikke avtalar som vert inngått skriftleg. Ved tinging av kraftavtale eller anna per telefon, elektronisk tinging e.l. vil Voss Energi Kraft AS som hovedregel senda kunden ei skriftleg stadfesting.

Ved tvil om forståing av begrep og uttrykk som er brukt i kontraktsforholdet vert vanlig bransjeforståing lagt til grunn, med mindre det kan dokumenterast/sannsynleggjerast at anna forståing skal leggjast til grunn.

Kunden gir ved tinging av kraft Voss Energi Kraft AS fullmakt til å

- iverksetja og melda inn leverandørbyttet til Elhub (kraftbransjens felles datasenter).
- innhenta nødvendige opplysningar for å gjennomføra leverandørbyttet.
- melda ut- og innflytting til Elhub ved flytting.
- innhenta målerverdiar frå Elhub

Sjølv om avtalen med nettselskapet vert inngått av Voss Energi Kraft AS i samsvar med fullmaktene over, vert kunden fullt ut part i kontraktsforholdet med nettselskapet. Ved oppstart fram i tid er Kunde ansvarleg for å melda frå til Voss Energi Kraft AS om eventuelle endringar som måtte finna stad frå kontraktsinngåing og fram til oppstart av straumleveransen.

Dersom straumanlegget er profil-avrekna må Voss Energi Kraft AS ha motteke målerstand for å kunne starta straumleveransen. Målerstanden må ikkje vera eldre enn tre måneder.

1.2 Avtaleinngåing, endringer i avtale, skifte av kraftleverandør m.v

Kunden pliktar å gje dei opplysningar som Voss Energi Kraft AS trenger for at avtale skal kunna inngåast. Det same gjeld dersom avtaleforholdet omfattar fleire juridiske einheter på kundesida. Desse vert då sett på som solidarisk ansvarlege i høve til avtaleforholdets bestemmelse. Endringar eller oppseiing av kundens kontraktsforhold kan berre bli utført av ansvarlege personar med signaturrett hjå kunden.

1.3 Trygd

Voss Energi Kraft AS har rett til å foreta kredittvurdering av kundar og kunne avslå/avslutta leveranse eller kreve garanti frå kunder der det foreligg sakleg grunn for det.

Voss Energi Kraft AS kan krevja at kunden stiller trygd for betalingsforpliktelsar av inntil fire månaders antatt kraftbehov, dersom og så lenge det vert sannsynleggjort fare for betalingsmislighold.

Dersom kunden krev det, må Voss Energi Kraft AS sitt krav om trygd grunngjevast skriftleg.

1.4 Taushetsplikt, bruk av personopplysningar og kredittvurdering

Partane skal ikkje utlevera opplysningar som vedrører den andre parten til utanforståande, unnateke når utlevering av opplysningar skjer

- a) med samtykke frå den opplysningen gjeld
- b) med heimel i lov, eller i forskrift gitt med heimel i lov eller
- c) som ledd i betalingsinnkreving mv. eller der det foreligg saklege grunnar.

Voss Energi Kraft AS og kunde, samt deira tilsette og andre hjelparar, har likeins plikt til å halda taushet overfor uvedkomande om det dei får vita om kvarandre sine drifts- og forretningsforhold, og dei kontraktar som vert inngått.

2. Måling og avrekning av fysisk kraftforbruk

2.1 Avrekning av fysisk kraftforbruk

Fysisk kraftforbruk vert avrekna i Nord Pool Spots områdepris time for time for det prisområde der Kunden sine anlegg er plassert multiplisert med Kunden sitt faktiske forbruk time for time i avrekningsperioden. I tillegg kjem regulerkraftkostnader, rentekostnader og gebyr fakturert av Nord Pool.

2.2 Måling av fysisk kraftforbruk

Måling av kraftforbruk føreteke av nettselskapet i overensstemmelse med gjeldande forskrifter om måling og avrekning. Voss Energi Kraft AS nyttar måledata fra Elhub ved avrekning av kunder.

2.3 Feil ved måling eller avrekning av kraftforbruk

Ved feil ved måledata meddelt av nettselskapet, ved feil handtering av måledata, eller ved faktureringsfeil, kan Voss Energi Kraft AS eller kunde krevja høvesvis tilleggsbetaling eller tilbakebetaling.

Som feil ved avrekning reknar ein feil stipulert forbruk som følgje av manglande eller feil måleravlesing.

Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling ved slike avreknings- eller målefeil kan krevjast for den tid feilen kan ettervisast.

Etterberekning/godskriving skjer frå og med siste betalingsfrist etter at feilen vart oppdaga, og som hovedregel ikkje ut over tre år, jf. lov om forelding av fordringar av 18. mai 1979 nr.18.

3. Pris og betalingsvilkår

3.1 Pris

Voss Energi Kraft AS sine ytelsar vert levert i høve til avtalt produkt og pris.

3.2 Elsertifikat

I høve myndigheitene si innføring av elsertifikat vert det innført frå 01.01.2012 eit variabelt påslag til elsertifikatpliktige kundar. Påslaget vert prisa i øre per kWh og kan endrast med varsel i Min Bedrift, på Voss Energi Kraft AS sine internettsider eller i andre eigna kanalar.

3.3 Betalingsfristar, forsinkelsesrente og inkasso

Faktura forfell til betaling i høve til Voss Energi Kraft AS ordinære faktureringsrutiner. Forsinkelsesrente påløper ved betaling etter betalingsfrist som står på faktura i høve til Lov om renter ved forsinket betaling av 17. desember 1976 nr. 100 (forsinkelsesrenteloven).

Inkasso skjer i samsvar med lov av 13. mai 1988 nr. 26 (inkassoloven). I næringsforhold påløper i tillegg kompensasjon for inndrivelseskostnader i tråd med forsinkelsesrenteloven § 3a. Per 1. januar 2018 er slik kompensasjon på inntil 40 Euro.

3.4 Generelt

Kunden gir Voss Energi Kraft AS fullmakt til å motta faktura frå nettselskapet for nettleige m.m. på sine vegne, slik at straum og nettenester kan fakturerast under

eitt. Ved betalingsmisleghald aksepterer kunden at Voss Energi Kraft AS har rett til å krevja inn kunden si ubetalte nettleige som Voss Energi Kraft AS har forhåndsbetalt netteier.

Nettleigeavtalen og kontraktsforholdet mellom nettselskapet og kunden er likevel uforandra, selv om fakturaen vert retta til Voss Energi Kraft AS på kunden sine vegne. Ved heilt eller delvis mislighald av kunden sine forpliktelsar kan Voss Energi Kraft AS utan særskilt varsel gjenetablere kunden som fakturamottaker frå nettselskapet direkte. Kunden kan ved melding til Voss Energi Kraft AS avslutta fullmaktsforholdet og igjen få direktesendt faktura frå nettselskapet. Kunden gir vidare Voss Energi Kraft AS rett til å motta eventuelle tilgodebeløp frå nettselskapet på sine vegne. Ved betaling til Voss Energi Kraft AS er nettselskapet fri sin forpliktelse ovenfor kunden. Beløpet vert godskrive kunden av Voss Energi Kraft AS ved at det vert utbetalet frå Voss Energi Kraft AS eller godskrive kunden sin konto og avrekna i seinere oppgjør.

Avtale om e-postfaktura, e-faktura, annan elektronisk forsendelsesmåte eller avtale om gjentatte direkte debiteringar (avtalegiro) kan videreførast med Voss Energi Kraft AS (org. nr.: 918 784 594) som ny betalingsmottaker, og underretning i høve til finansavtaleloven §26 verta ivareteke av Voss Energi Kraft AS.

Faktura vert som hovedregel sendt til kunde månedleg. Gebyr for administrasjon av fakturering påløper etter dei til einkvar tids gjeldande satsar.

3.5 Betalingsutsetjing

For betalingsutsetjing eller deling av faktura påløper eitt gebyr etter dei til eikvar tid gjeldande satsar.

3.6 Endring av priselementer og vilkår

Voss Energi Kraft AS kan endra priselement med to vekers varsel og avtalevilkår med 1 månads varsel, anten ved varsel i Min Bedrift, direkte skriv til kunde, via kunngjering eller på annan eigna måte. Preiselementa kan justerast årleg i høve til endring i konsumprisindeksen, siste 12 måneder, uten nærmere varsel. For nye etablerte anlegg tilhørende Kundes kraftavtale er de til enhver tid sist reviderte vilkår gjeldende.

3.7 Innbetaling

Ved betaling til Voss Energi Kraft ASs innfordringspartner vert eventuelle overbetalinger vurdert mot andre utestående poster. Dersom innfordringspartner ikke har andre utestående poster, vert betalinga overført Voss Energi Kraft AS og godskrive kunden sin konto

4. Oppfyllelse av avtale- og konsekvenser av avtalebrudd

4.1 Voss Energi Kraft AS sin leveranse

Voss Energi Kraft AS sin leveranse er skildra i kontrakten.

4.2 Stansing av levering på grunn av betalingsmisleghald

Voss Energi Kraft AS kan stanse levering av sine ytelsar dersom kunden ikkje betalar innan betalingsfristen eller der Voss Energi Kraft AS har grunn til å forventast at betaling ikkje vil finna stad. Kunden skal som hovedregel varslast skriftleg, og skal få ein rimeleg og spesifikk betalingsfrist før stansing finn stad. Dersom kunden ikke innan rimeleg tid har reparert betalingsmisleghaldet, vert leveransen stansa.

4.3 Gjenopptak av leveranse

Ytelsar som er rettmessig stansa av Voss Energi Kraft AS på grunn av manglande

betaling, vil normalt ikkje bli gjenopptatt før all gjeld til Voss Energi Kraft AS, inkludert kostnader ved stansing og gjenopptaking, er betalt. Slike utgifter skal spesifiserast på fakturaen på ein slik måte at det mogleggjer kontroll for kunden. Voss Energi Kraft AS kan setja som vilkår for gjenopptaking at kunden stiller sikkerheit for betalingsforpliktelsen.

4.4 Heving

Voss Energi Kraft AS kan heve avtalen dersom kunden vesentleg mislegheld betalingsfristen m.v. etter at han er blitt skriftleg oppfordra til å betala innan ein spesifikk frist, og skriftleg varsla om at avtalen ellers vil bli heva.

Voss Energi Kraft AS kan heva avtalen med umiddelbar verknad dersom kunden går konkurs eller andre tilhøve som vil utgjøra ein sakleg grunn til å heva avtalen umiddelbart.

Ved vesentleg misleghald frå Voss Energi Kraft AS sin side kan kunden heve avtalen.

4.5 Erstatning

Ved feil eller misleghald kan partane krevja erstatta det direkte tap som parten lir som følgje av at avtalen ikkje vert gjennomført som avtala. Indirekte tap vert ikkje erstatta. Voss Energi Kraft AS sitt erstatningsansvar er likevel oppad avgrensa til Voss Energi Kraft AS sitt påslag på den delen av kravet som er feil og/eller misleghalde, for den gjeldande kontraksperioden, såframt ingen andre avgrensingar følgjer av Lov eller forskrift. Voss Energi Kraft AS svarar ikkje erstatning for feilfakturert nettleige, såframt feilen ikkje skuldast forhold på Voss Energi Kraft AS si side. Partane pliktar å avgrensa sitt tap.

5. Overdraging av avtalen

Avtalen kan ikkje overførast til annan juridisk ening utan den annan part sitt skriftlege samtykke. Overdraging av avtalen kan kun nektast i dei tilfelle der det føreligg sakleg grunn.

6. Valutahandtering og veksling

Handel i terminmarknaden foregår i Euro. All fysisk leveranse og risikostyring vert fakturert i NOK med mindre anna er avtala. Ved konvertering nyttar ein Nord Pools vekslingsrate.

7. Endringer i alminnelege vilkår - prisendringar

Voss Energi Kraft AS tar forbehold om endringer i de Alminnelege vilkår, og prisendringer som følgje av endringar i dagens offentlege avgifter/pålegg, samt som følge av endringer i øvrige rammebetingelser og andre endringer som har betydning for Voss Energi Kraft AS si verksemd i sluttbrukarmarkedet.

8. Tvistar

Tvistar i kontraksforholdet som partane ikkje lukkast i å løysa i minnelegheit vert ført inn for dei ordinære domstolene med Bergen som verneting.

Kontraktsvilkår

1. Voss Energi Kraft AS avtalekategorier

1.1 Innkjøpsprisavtale

Straumprisen som vert leveret er Voss Energi Kraft AS sin innkjøpspris. Med innkjøpspris meiner ein spot områdepris med tilhøyrande innkjøpskostnader som regulerkraft, rente- og kredittkostnader, Statnett- og Nord Pool gebyr. For timesmålte

anlegg vert det nytta timespris for anlegget sitt prisområde multiplisert med timesforbruk. Profilmålte anlegg vert avrekna etter netteigar sin justerte innmatingsprofil.

1.2 Fastprisavtale

Straumprisen som vert levert er ein avtalt fast kraftpris for eit definert volum i ein definert periode. Leveransen omfattar eit avtalt volum per målepunkt. Avtalt volum vert berekna ut ifrå netteigar sitt estimerte årsforbruk ved oppstartstidspunktet med mindre anna er avtalt. Det avtalte volum vil bli fordelt over året i høve til standard forbruksprofil. Fysisk forbruk som avviker frå avtalt volum, vil bli avrekna mot spotpris. Med spotpris meiner ein spot områdepris med tilhøyrande innkjøpskostnader som regulerkraft, rente- og kredittkostnader, Statnett- og Nord Pool gebyr. For timesmålte anlegg nyttar ein timespris for anlegget sitt prisområde multiplisert med timesforbruk. Profilmålte anlegg avrekna etter netteigar sin justerte innmatingsprofil. Avtalen kan ikkje seiast opp i perioden.

1.3 Variabelavtale

Straumprisen som vert levert er ein variabel kraftpris. Den variable straumprisen kan endrast med sju dagars varsel. Prisendringer vert varsla via Voss Energi Kraft AS sine internettsider eller andre eigna kanalar.

1.4 Avtale med pristak

Straumprisen som vert levert har pristak for straumprisen i ein definert periode, og for eit avtalt volum. Pristaket vert avtala direkte mellom partane. Dersom kunde opphøyrer straumliveransen i perioden der det er handla pristak kan kunden bli belasta oppgjør for sikra pris. Endringer i pris vert varsla via Min Bedrift eller direkte på E-post dersom dette er valt.

2. Pris og prisendringar for samtlege avtalar

Samtlege kraftavtalar har i tillegg til kraftpris med tilhøyrande innkjøpskostnader og avgifter eit fast månedsbeløp som er uavhengig strauforbruk og eit variabelt påslag pålydende 2,2 øre per kWh med mindre anna er avtala. Det variable påslaget kan endrast månedleg og vert varsla i forkant av leveringsperiode med varsel på Voss Energi Kraft AS sine internettsider, gjennom Min Bedrift eller i andre eigna kanalar. I samsvar med Lov om elsertifikater inneheld avtalane også eit variabelt påslag som inneheld kostnader til kjøp av elsertifikater for sertifikatpliktige kunder. Voss Energi Kraft AS har rett til å årleg prisjustera betingelsar i høve til konsumprisindeks.

3. Oppseiing og kunden sin andel av finansielle posisjoner

Avtalen er løpande. Kunde kan fritt bytta avtale dersom han ynsker det med 2 vekers oppseiingstid. Voss Energi Kraft AS fakturerer oppgjørsgebyr ved oppseiing av avtale etter dei til enhver tid gjeldande satsar. I dei tilfelle der kontraktsforholdet mellom Partane vert avslutta og det foreligger finansielle posisjoner som kunden eig andelar av må kunden gjera opp for disse før kontraktsforholdet mellom partane opphøyrer. Andelen av dei finansielle posisjonene gjev anten økonomisk gevinst eller tap for kunden avhengig av marknadsverdi ved utgang.

Ved avtalar der Kunde har finansielle posisjonar vil det ved utgang i leveringsperiode bli fakturert oppgjørsadministrasjon per anlegg pålydande NOK 1500,- Dersom kunde er utan gyldig kraft-leveringskontrakt fortset Voss Energi Kraft AS levering frem til ny kontrakt/oppseiing forelegg. Kunde får då levert produktkategorien Innkjøpspris.

4. Tilleggstenester

Tilleggsprodukt frå Voss Energi Kraft AS har ingen bindingstid med mindre anna er avtala. Voss Energi Kraft AS kan endra betalingsbetingelsar og prisar for tilleggstenester med to vekers varsel.

4.1 Binding

Ved inngåing av bindingstid pliktar Kunde seg til å kontakta Voss Energi Kraft AS for oppseiing av avtale. Ved avtaler der bindingstid foreligger vil det ved utgang i kontraktperiode faktureres eit oppgjersgebyr per anlegg pålydande NOK 1500,- og eit variabelt påslag 2,2 øre/KWh for resterande leveringsperiode basert på forventa forbruk.

4.2 Min Bedrift

Min bedrift er inkludert i avtalen med energi- og klimarapportering til 79 kr/mnd per anlegg eller etter avtalte betingelser. Kunden er selv ansvarlig for å administrere hvilke brukere som skal ha tilgang til de valgte tjenestene i Min bedrift.

4.3 100 % Fornybar Energi

100 % Fornybar energi fra Voss Energi Kraft AS har eit variabelt påslag per kWh og er inkludert i straumavtalen med mindre anna er avtalt.

4.4 Plusskunder

Ein plusskunde er ein kunde som i enkelttimer har overskotskraft som kan matast inn i nettet. Plusskunder som inngår plusskundeavtale med Voss Energi Kraft AS må også ha straumavtale for sitt straumforbruk. Overskuddskrafta vert selt til Voss Energi Kraft AS mot betaling. Definisjonen av plusskunder vil følgja det til einkvar tid gjeldande reglementet frå NVE. Overskot av elektrisitet frå solcelleanlegg skal overhalda nettselskapa sine krav til spenningskvalitet og effektlyt.

Plusskundeordning vert knytta mot kunden sin straumavtale. Det variable påslaget kan endrast med 2 vekers varsel på Voss Energi Kraft AS sine internettsider eller i Min Bedrift. I samsvar med Lov om elsertifikater inneheld påslaget kostnader til kjøp av elsertifikater.

Betaling for overskot av elektrisitet levert til Voss Energi Kraft AS er spot områdepris (månadleg snittpris). Prisen kan endrast med 14 dagars varsel på Voss Energi Kraft AS sine internettsider eller i Min Bedrift.

Voss Energi Kraft AS sine generelle vilkår gjelder også for denne ordningen. Avtalen løper inntil den vert sagt opp. Begge parter kan fritt seia opp avtalen med 14 dagars varsel, uten at det foreligg krav om saklig grunn.

5. Kommunikasjon

Ved inngåing av avtale samtykker Kunde til å motta informasjon vedrørende kraftavtale, kundeforhold og marknadsføring i avtaleperioden.

6. Spesielle forhold

Me tek forbehold om prisendringer som en følge av endringar i dagens offentlege avgifter/pålegg, samt endringar i øvrige rammebetingelsar og anna for kraftsalgsverksemd i sluttbrukarmarknaden.